

18 - Sp må jobbe for å oppretthalde og utvide tilbodet om vidaregåande utdanning i distrikts Norge.

Det er stadig nye diskusjonar rundt utdanningstilbod. Truslar om nedlegging av skuler og liner fører til uro for at ungdommane i distriktet får færre utdanningsmogelegheiter der dei bur.

I distriktet er gjerne storleiken på linene i yrkesretta fag tilpassa lokale verksemder sitt behov for lærlingar. Det vil seie at dei som går yrkesretta liner så å seie er sikra lærlingplass, og verksemdene i området er avhengig av linene for å få nok kvalifisert arbeidskraft

Dersom ungdommane må flytte på hybel, eller får lang reiseveg for å kunne gå på den lina dei ynsker, eller på vidaregåande skule i det hele tatt, vil det kunne føre til at fleire ungdomar kan miste motivasjonen til å fullføre vidaregåande utdanning. Det vil og føre til at fleire må flytte frå grendene for å gå på skule.

Buskerud Sp meiner at Sp må sikre eit variert og «kortreist» vidaregåande tilbod i heile Noreg.

Buskerud Sp vil:

- at det skal gis direkte stønad til vidaregåande skuler i distriktet
- sikre eksisterande eller opprette yrkesretta liner der dei trengs for å dekke lokale verksemder sitt behov for kvalifisert arbeidskraft.

Ål Senterparti